

Elin og Henry Fanebust  
Lindåsvegen 2088, 5955 Lindås

Våge, 21.09.2022

Alver kommune, Plan og Bygg  
v/sakshandsamar Larissa Dahl

**Vedr. «Søknad om igangsetjingsløyve for montering av renseanlegg, gnr 99/4, Våge» av 05.08.22.  
Saksnr 147/21**

Vi har på kommunen si postliste funne søknad av 05.08. om igangsetjingsløyve for montering av renseanlegg (purring 13.9.2022).

Dette går jo ikkje an! Dette arbeidet var alt utført før søknaden var sendt, sjå foto-vedlegg av 22/7-22.

Dette er også heilt uforenleg med det politiske vedtaket APM-utvalet gjorde 13.10.21, med uttrykkjeleg vedtak om at tilbakeføring til kulturbeite skal skje **før igangsetjingsløyve**.

Så langt har ikkje 99/4 gjort **noko som helst** tilbakeføring, derimot jobba **i strid med vedtaket**:

1. F.o.m. mars heilkontinuerleg halde fram med å bygge opp vidare med stein, murar no opptil 6 m høge,+ innført ytterlegare steinmassar til platået. Har dermed forverra ulovlegheitene.
2. F.o.m. mars også jobba med ulike igangsetjingstiltak **utan å ha igangsetjingsløyve, i sterk strid med APM-vedtaket, også i strid med lova.**

99/4 sin søknad om terrengendring nullar **ikkje** ut APM-vedtaket av 13.10.21, sidan berre halvparten av terrenget som skal tilbakeførast er med i søknaden. Heile området nord og aust for innteikna, godkjent landbruksveg **er kravd tilbakeført av både APM og seinare også av Administrasjonen i vedtak.**

Klagebehandlinga er dessutan ikkje avslutta når det gjeld øvrig terreng i søknaden.

Når APM no skal ha oversyn over kva som er lovleg/ulovleg før sitt neste møte, er det grunn til å opplyse om denne saka med ulovleg arbeid med montering av renseanlegg. Framgangsmåten, med utført arbeid **før søknad**, føyer seg inn i rekka av ulovlege tiltak på Våge, utført av Eikevik Svømmebassengservice A/S v/utførande Alf Eikevik. Dette **har vore, og er**, standard framgangsmåte. Historikken frå Bergen viser det same.

Med vennleg helsing

Elin og Henry Fanebust

Vedlegg: Foto av 22.07.22, som viser montert renseanlegg.